

<i>SEKOM-sekretariat</i>	
Sakshandsamar:	Arnar Helgheim

Utval	Dato	Saksnr.	Vedtaksorgan
Kontrollutvalet i Askvoll	19.5.14	17/14	Nei
Formannskapet			
Kommunestyret			

Vedlegg:

Årsmelding og årsrekneskap (utan revisjonsmelding)
Førebels utkast til uttale frå kontrollutvalet

14.5.14 pr e-post:

- Revisjonsmelding 2013
- Utkast til uttale

Andre dokument (ikkje lagt ved):**Tilråding frå SEKOM-sekretariat (14.5.14):**

1. Uttale frå kontrollutvalet om årsrekneskapen vert vedteken.
2. Med atterhaldet og presiseringane til revisor, meiner kontrollutvalet at rekneskapen for Askvoll kommune kan godkjennast slik han ligg føre.
3. Kontrollutvalet kallar rådmannen inn til neste møte for å orientere om kva som vert gjort i høve atterhald og presiseringar i revisjonsmeldinga for 2013.

Kontrollutvalet si handsaming:**KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK:****Saksutgreiing:**

Kryss revisjon har varsla at revisjonsmeldinga ligg føre midt i neste veke. Etter avklaring med leiaren for kontrollutvalet, vert denne ettersendt saman med tilråding frå SEKOM til uttale og vedtak. Vi sender likevel ut årsmelding og rekneskap, slik det ligg føre pr i dag utan endeleg revisjonsmelding.

Revisjonsmelding og dermed tilråding ligg tidlegast føre til onsdag den 14. mai. SEKOM kjem til å sende dette ut til medlemmane på e-post.

Tilleggsutgreiing 14.5.14

SEKOM har i dag fått revisor si revisjonsmelding. I meldinga frå revisor er det eit atterhald knytt til uteståande fordringar som etter revisor si meining burde vore ført som tap på krav og i så fall hatt resultatverknad. Det er også ei presisering om framlegging av rekneskap for ferdigstilte revisjonsprosjekt.

I tilrådinga til uttale, rår SEKOM til at kontrollutvalet viser til atterhald og presisering med følgjande konklusjon til slutt:

Med atterhaldet og presiseringane til revisor, meiner kontrollutvalet at rekneskapen for Askvoll kommune kan godkjennast slik han ligg føre.

Sidan det ligg føre atterhald og presisering frå revisor, kan det vere naturleg at kontrollutvalet følgjer opp dette nærare i løpet av inneverande år. SEKOM rår difor til at det vert teke med eit avsnitt i vedtaket der utvalet ber om orientering på neste møte. På denne måten, kan utvalet i tilfelle få innsyn i framdrifta på eit tidspunkt der det framleis er noko tid før rekneskapen for 2014 skal avsluttast. Neste møte er etter møteplanen lagt til torsdag 18. september.

SEKOM-sekretariat

Sekretariat for dei kommunale kontrollutvala i Askvoll, Bremanger, Eid, Fjaler, Flora, Førde, Gaular, Gloppen, Gulen, Hornindal, Hyllestad, Jølster, Naustdal, Solund og Stryn.

UTKAST

Til
Kommunestyret i Askvoll

19.5.14

UTTALE FRÅ KONTROLLUTVALET OM ÅRSREKNESKAPEN 2013 FOR ASKVOLL KOMMUNE

Årsrekneskapen 2013 for Asvoll kommune er handsama i kontrollutvalet i 19.5.2014.

Grunnlaget for handsaminga har vore:

- Den avlagte årsrekneskapen.
- Årsmeldinga frå rådmannen.
- Revisjonsmeldinga datert 15.4.14

Etter interne finanstransaksjonar er driftsrekneskapen gjort opp med eit meirforbruk på kr. 1,390 millionar.

Investeringsrekneskapen er avslutta utan udekka eller udisponert beløp. Det er brukt lån til finansiering i investeringsrekneskapen med kr 12,813 millionar.

Ved meir- eller mindreforbruk i drift og investering, er det kommunestyret som vedtek inndekking eller disponering.

Kontrollutvalet viser til revisor sitt atterhald i revisjonsmeldinga knytt til uteståande fordringar. Utvalet viser også til presisering i revisjonsmeldinga om framlegging av rekneskap for ferdigstilte investeringsprosjekt.

Med atterhaldet og presiseringane til revisor, meiner kontrollutvalet at rekneskapen for Askvoll kommune kan godkjennast slik han ligg føre.

Jorunn Ringstad
Leiar

Ole Andreas Myrstad

Ruben Fedøy

Kjellaug Mikalsen

Kåre Jarl Haugen

Postadresse	Kontoradresse	E-post	Telefonnummer		Org.nr.	Bankgiro
Postboks 338 6802 Førde	Hafstadvegen 42	post@sekom.no	Arnar Helgheim 57 61 27 84 975 81 418	Audhild Ragni Vie Alme 57 61 27 85 971 70 064	987 631 554	3705.08.32571

Askvoll kommune
v/ kommunestyret

kopi:

kontrollutval
formannskap
rådmann

Dykkar ref.:

Vår ref. :
At

Arkivkode :
216

Journalnr. :
017/2014

Dokumentdato:
15.04.2014

REVISJONSMELDING 2013 .

Uttale om årsrekneskapen

Vi har revidert årsrekneskapen for Askvoll kommune per 31.12.2013 som syner eit positiv netto driftsresultat på 1,087 mill. kroner. Etter at det er teke omsyn til interne finanstransaksjonar, viser driftsrekneskapen eit meirforbruk på 1,390 mill. kroner. Det ligg til kommunestyret å finne dekning for meirforbruket.

Investeringsrekneskapen er gjort opp i balanse.

Årsrekneskapen består av balanse per 31. desember 2013, driftsrekneskap, investeringsrekneskap og økonomiske oversikter for rekneskapsåret avslutta per denne datoen, og ei beskriving av vesentlege nytta rekneskapsprinsipp og andre noteopplysningar.

Leiinga sitt ansvar for årsrekneskapen

Leiinga er ansvarleg for å utarbeide årsrekneskapen og for at den gjev ei dekkande framstilling i samsvar med lov, forskrift og god kommunal bokføringskikk, og for slik intern kontroll som leiinga finn naudsynt for å gjere det mulig å utarbeide ein årsrekneskap som ikkje inneheld vesentlig feilinformasjon, verken som følge av misleghald eller feil.

Revisors oppgåver og plikter

Vår oppgåve er å gje uttrykk for ei meining om denne årsrekneskapen på bakgrunn av vår revisjon. Vi har utført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god kommunal revisjonsskikk i Norge, herunder International Standards of Auditing. Revisjonsstandardane krev at vi etterlever etiske krav og planlegg og gjennomfører revisjonen for å oppnå sikkerheit for at årsrekneskapen ikkje inneheld vesentlig feilinformasjon.

Ein revisjon inneber utføring av handlingar for å innhente revisjonsbevis for beløpa og opplysningane i årsrekneskapen. Dei valde handlingane avheng av revisor sitt skjønn, derunder vurdering av risikoane for at årsrekneskapen inneheld vesentlig feilinformasjon, enten det skuldast misleghald eller feil. Ved slik risikovurdering tek revisor omsyn til den interne kontrollen som er relevant for kommunen si utarbeiding av ein årsrekneskap som gjev ei dekkande framstilling. Føremålet er å utforme revisjons-handlingar som er hensiktsmessige etter omstenda, men ikkje for å gje uttrykk for ei meining om effektiviteten av kommunen sin interne kontroll. Ein revisjon omfattar og ei vurdering av om dei nytta rekneskapsprinsipp er hensiktsmessige og om rekneskapsestimata utarbeida av leiinga er rimelige, samt ei vurdering av den samla presentasjonen av årsrekneskapen.

Regionskontor for kommunane:

Flora, Bremanger

Flora kommune, Strandgt. 43, 2. etg., 6900 Florø

Tlf. Terje Førde: 57 75 60 97, 57 61 26 40 eller

57 61 26 41, evt. mobiltlf. 99 22 92 27

Tlf. Trine Vokuhl, 57 75 60 96, 57 61 26 48;

- evt. mobiltlf. 91 74 20 35

Hovudkontor/regionskontor for kommunane:

Førde, Askvoll, Naustdal, Gaular, Askvoll

Førde kommune, Rådhuset, Hafstadv 28, 6800 Førde

Postboks 487, 6802 Førde. Tlf. Terje Førde, 57 61 26 41

Tlf. Charles Litsheim, 57 61 26 42, mobil. 91 33 30 46

Tlf. Stig Årdal, 57 61 26 45, mobil: 90 52 48 55

Tlf. Kari Sygna, 57 61 26 43, mobil: 97 98 13 22

Tlf. Asgeir Tveit, 57 61 26 44, mobil: 90 87 43 88

Regionskontor for kommunane:

Hyllestad, Fjaler, Gulen, Solund

Hyllestad kommune, 6957 Hyllestad

Tlf. regionskontoret; 57 78 85 47

Tlf. Aud Marit Nyland Eide, 57 61 2646

- evt. mobiltlf. 99 23 52 16

Tlf. Torill Nordstrand, 57 61 26 47;

- evt. mobiltlf. 47 65 50 93

Etter vår oppfatning er innhenta revisjonsbevis tilstrekkelig og hensiktsmessig som grunnlag for vår konklusjon.

Atterhald:

Revisjonen sin gjennomgang av utestående fordringar viser at Askvoll kommune har utestående fordringar som etter vårt syn burde vore avsette som tap på krav. Jfr. § 8 i forskrift om årsrekneskap og årsmelding for kommunar og fylkeskommunar av 15.12.2000. Jfr. også økonomireglementet til Askvoll kommune av 28.07.2006 pkt. 9.1.4 og pkt. 9.1.6. Ei tapsavsetning ville ha gjeve verknad på driftsresultatet med tilsvarende beløp.

Presisering:

Økonomireglementet til Askvoll kommune stiller krav om at ferdigstilte prosjekt i investeringsrekneskapen skal rapporterast til politiske organ i Askvoll kommune. Jfr. pkt 10.14 i økonomireglementet. Det er ikkje lagt fram rekneskap for alle prosjekt som er innanfor kriteria i økonomireglementet.

Konklusjon:

Etter vår meining er årsrekneskapen, med unntak av det som er nemnt i atterhaldet ovanfor, i det alt vesentlege avlagt i samsvar med lov og forskrift og gjev ei dekkande framstilling av den finansielle stillinga til Askvoll kommune pr. 31. desember 2013, og av resultatet for rekneskapsåret som vart avslutta pr. denne dato, i samsvar med lov, forskrift og god kommunal bokføringsskikk i Noreg.

Uttale om øvrige forhold

Konklusjon om budsjett

Basert på vår revisjon av årsrekneskapen, meiner vi at dei disposisjonar som ligg til grunn for rekneskapen i det alt vesentlege er i samsvar med budsjettvedtak, og at budsjettbeløpa i årsrekneskapen i det alt vesentlege stemmer med regulert budsjett. Vi viser til kommunelova §§ 46 og 47 om årsbudsjettet sin bindande verknad både for drifts- og investeringspostane, der det er stilt krav om budsjettreguleringar når føresetnadane vert endra gjennom året. Vi syner til rådmannen si årsmelding der det er gjort greie for budsjettavvik.

Revisjonen registrerer at kommunestyrevedtak i 2013 om budsjettjustering for investeringsprosjekt nr 1016 Askvollheimen-ventilasjon og Nipa barnehage - tilbygg, ikkje er lagde inn i vedteken kostnadsråme for dei aktuelle prosjekta. Note 9 og rekneskapsskjema 2B synest derfor å ha feil opplysningar om kostnadsråme vedrørende desse to prosjekta. Rett kostnadsråme for prosjekt 1016 Askvollheimen-ventilasjon skal vere kr. 650.000,- og ikkje kr. 250.000,-. Rett kostnadsrame for prosjekt 1021 Nipa barnehage, tilbygg, skal vere kr. 1.870.000,- og ikkje kr. 1.700.000,-.

Revisjonen viser til at innkjøpsområdet har vore underlagt forvaltningsrevisjon i 2013 der det er avlagt endeleg rapport i 2014. Det vert vist til konklusjonar og tilrådingar i rapporten.

Konklusjon om årsmeldinga

Basert på vår revisjon av årsrekneskapen som omtala ovanfor, meiner vi at opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen i det alt vesentlege er konsistent med årsrekneskapen og i det alt vesentlege er i samsvar med lov og forskrift.

Konklusjon om registrering og dokumentasjon

Basert på vår revisjon av årsrekneskapen som omtala ovanfor, og kontrollhandlingar vi har funne naudsynte i etter internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000 "Attestasjonsoppdrag som ikkje er revisjon eller avgrensa revisjon av historisk finansiell informasjon", meiner vi at leiinga har oppfylt si plikt til å sørgje for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av Askvoll kommune sine rekneskapsopplysningar i samsvar med lov og god kommunal bokføringsskikk.

Kommunerevisjonen
 Askvoll, 5.04.2014
Ytre Sogn og Sunnfjord
 Postboks 487, 6801 Førde
 Terje Førde
 Revisjonssjef
Dagleg leiar/Revisjonssjef

Asgeir Tveit
 Asgeir Tveit
 Kommunerevisor I
KRYSS Revisjon
 Kommunerevisjonen i
 Ytre Sogn og Sunnfjord